

Høyringsssvar fra Jakob Mek Vik

Dato: 28.09.2019

Høyringsuttale til nasjonal ramme for vindkraft på land.

NVE har peika ut blant anna Fitjar og Stordøya som egna område for vindkraft gjennom analyseområde 15 for Sunnhordland og Haugalandet. Pga gode produksjonforhold og god nettilknytting. Man finner sikkert gode produksjonforhold store deler langs den norske kyst, uten at me treng meir vindturbiner i den norske fjellheimen av den grunn. Produksjonen er ganske så ustabil i forhold til vannkraft. I tillegg er det tatt høgde for miljø og samfunnsinteresser som fugl, friluftsliv, og bebyggelse. Likevel skal det altså vere grunn nok til å sjå vidare på ein utbygging på Stordøya, ifølge nve. Når me allereie har eit vindkraft anlegg fra før, og bidrar med 55 vindturbiner er detta ubegripeleg. Belastningen for naturen, visuelt, og nær bebyggelse i fitjar kommune er allereie stor nok med det vindkraftanlegget som er der fra før.

Oppgradering av gamle eksisterande vannkraftverk og heller meir havind er ei betre løysning, så lenge norge må vera et grønt batteri for europa. Norsk vann kraftforsyning har den høgaste fornybarandelen og dei lavaste utslippa i Europa. Å vurdera så mange område I Norge for vindkraft ser eg som ikkje nødvendig. Ihvertfall ikkje når SSB sine tal viser at produksjonen av elektrisk kraft i Norge er høgare enn brutto forbruket. I tillegg har NVE gitt mange nye konsesjoner til vindkraftanlegg som ikkje er kommet i gang, som også vil gje mykje ekstra kraft i årene framover.

Etter et mål av miljødirektoratet om og kartleggja alle friluftsområde innan 2018 der visse verdisetjingskriterie som blant andre opplevingskvaliteter, kunnskapverdiar og lyd miljø fekk eit område på grøna fjellet/tindane (Fitjar komune) den høgaste statusen som det går an å få, nemlig «særskilt kvalitetområde» Området blei beskrevet på følgjande måte: «frodig høg fjellsområde med mangfold av planter. Mjuk botnvegetasjon. Interessant fugleliv.»

Midt fjellet vindkraft AS har sendt melding til NVE om planer om utbygging av vindkraft i Grøna fjellet i Fitjar kommune. Visst dette vert en realitet vil det dekke nesten heile delen av urørt natur i Fitjar kommune.

I meldinga deira viser dei til FN klimarapport om for mykje co2 utslepp, der er det nylig kome ein nyare rapport frå FN der dei meina at tap av natur er lika stor trussel som klima endringane. Dei skriv vidare «Det kreves av en lokalitet for etablering av vindkraftanlegg et akseptabelt konfliktnivå når det gjelder landskap, natur- og kulturmiljø, friluftsliv, forsvarsinstallasjoner og flytrafikk. Midt fjellet Vindkraft AS meiner disse kriterier vil kunne bli tilfredsstillende ivare tatt for Grøna fjellet vindkraft.» konfliktnivå er allereie stor der både Fitjar og Stord kommune går imot ein utbygging, også interesse organisjoner som Stord-Fitjar turlag DNT Stord jeger og fiskeforening.

Naturvernforbundet på Stord og selvfølgelig andre private, friluftsfolk og jegere. Det

var nyleg ein protestaksjon mot vidare utbygging av vindkraft på Stordøya
22.09.2019.

Midtfjellet Vindkraft AS skriv også at det er «ingen båndlagte eller sikrede friluftsområder i eller inntil planområdet.» Så lenge det er eit LNF område vil det vel vera både båndlagt og eit sikra friluftsområde.

Å bruke argumentet at det allerede er eit vindkraftanlegg der fra før, og at det derfor blir det mindre inngrep i naturen angående veinettet, strømnnett, transformatorstasjon og andre bygginga heng ikkje på greip. Natur inngrepa vil bli enorme. Midtfjellet vindpark er eit industri område, me treng ikkje av det.

Vindturbinane vil ligge på 500-600 moh. visuelt vil dette ikkje berre sjåast frå Stordøya men frå heile regionen. Om vinteren vil det ikkje gå an å ferdast trygt i fitjarfjellet pga iskast frå vindturbinane. Nesten alt fjell areal vil vera utilgjengelig vinterstid. Ved auking i antal vindturbinar, vil også støyen auke.

Midtfjellet vindpark meiner dei skal ansette 10 personer i forbindelse med nytt vindkraftanlegg som skal gje skatte inntekter til kommunen, ved eksisterande vindkraftanlegg er det 55 vindturbiner og 2 fast ansatte.

Eg vil med dette sterkt fraråde at Stordøya blir tatt med vidare i ei nasjonalramme for vindkraft eller heila tatt bli vurdert som mulighet for meir vindkraft. Det blir altfor stor belastning for Fitjar som kommune og Stordøya, som allereie har 55 vindturbiner.


Me bidrar allereie nok. Siden me bur på ei øy må me reisa langt for å finna urørt natur og rekreasjonsområde, detta vil vera uakseltabelt. Vil minna om naturmangfoldlova og at alle mennesker har rett til eit friluftsplass og rekreasjonsområde i eigen kommune. Å driva jakt i desse områdene er lite gunstig, spesielt drivjakt der veier og oppstillingplasser foran vindturbinane øydelegg for jakta. Meldingen til midtfjellet vindkraft AS om meir vindkraft utbygging er lite seriøst når ein planlegg å nytta resten av urørt natur i fitjar kommune, meldingen bør derfor avvisast av NVE. Konflikt nivået var høgt under den første utbyggingen, den er blussa opp igjen no. Den splitta bygda den gongen, no er me meir samla. Det er no på tide at Fitjarbuen får ro, me treng ikkje fleire konflikt saker.

Ein må også tenke på generarasjoner etter oss skal ha rett på urørt natur. For monge av oss har ikkje fjellet en pris, den er uerstattelig.

Natur og landskap har en egenverdi og betyr mykje for folks livskvalitet, stedsidentitet og folkehelse.

Kilder: SSB, Midtfjellet.no, norgeslover, regjeringen, NVE

Mvh Jakob Mek Vik



Illustrasjon 1: Kart over noverande Vindkraftverk på midtfjellet (blå stripe) og nye planer for grønfjellet (raud stripe)



Illustrasjon 2: Meir detaljert kart og stedsnavn over området